



Oddvar Eikeland  
Eikelandsvegen 191  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2816 - 17/22878

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
14.11.2017

## Løyvingsbrev Gbnr. 42/1 Eikeland SMIL 2017 - tilskot til inngjerding av beite

**Administrativt vedtak. Saknr: 302/2017**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad datert 07.11.2017.

Meland kommune vart for 2017 løyvd kr 250.000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06.2017 og 10.11.2017. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 13 søknader, m.a. frå Oddvar Eikeland for Gnr. 42. bnr.1.

Oddvar Eikeland har søkt om tilskott til: inngjerding av beite på 42/3 og 6.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har registrert viktige miljøverdiar på arealet.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket

Bruket har eit jordbruksareal på 46,7 daa, 88,3 daa skog og 133,6 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehald.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet. Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som

allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turvegar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrengje søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

**Vurdering:**

Prioritering totalt sett: 6

Søkjer ynskjer å gjerde inn eit areal å nytta som beite. Området vil bli ein utviding av eit område søkjer fikk tilskot til å rydda og gjerde inn i 2015 og 2016. Området vil binde sammen eksisterande beiteareal som søkjer driv. Vidare er område ein del av eit sort samanhengande kulturlandskap på Eikeland, og det vil vere godt synleg mot Eikelandsvatnet. Administrasjonen meiner at det å kunne utvida eksisterande områder og binde i saman beitane er eit godt tiltak for å kunne ha ei rasjonell drift på areala. Administrasjonen har vurdert tiltaket og meiner at det er i tråd med føremålet til SMIL-ordninga.

Kostnadsoverslaget vert slik:

Tiltak	Mengde	Einingskostnad	Kostnad kr	Tilskots %	Tilskot kr
Gjerding synt på kart					
Gjerding, meter	430	60	25800		
Kjøregrend	6	1500	9000		
<b>Sum</b>			<b>34800</b>	<b>50</b>	<b>17400</b>

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12 og basert på artskart, naturbase og den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdiar på Eikeland. Det er registrert ein naturtype Evjer, bukter og viker med verdi lokalt viktig (C) på området i kanten av Eikelandsvatnet jf. § 8.

Administrasjonen har vurdert tiltaket, og meiner at det truleg ikkje vil påverka naturtypen. Naturtypen har som skjøtselsråd at det ikkje bør gjørast ytterlegare inngrep ut mot strandsona. Administrasjonen meiner at gjerdet det er søkt tilskot til ikkje vil gå i mot dette skjøtselsrådet da det settast opp mot veg og bygningar. Gjerdet vil vere om lag 37 meter frå vasskanten på det nærmaste. Hovudårsaken til naturtypen er funnet av smal dunkjevle som er ein regionalt sjeldan art, og dette er den nordligaste førekomensten på Vestlandet.

Men administrasjonen legg vekt på at elles er vegetasjonen i naturtypen vanlege artar jf. Faktaark om naturtypen ( Id: BN00001551). Vidare vil administrasjonen vise til at smal dunkjevle lev i vatn/vasskant og at det mindre truleg at den vil verte påverka av beiting. Området er tenkt nytta til beite, og har truleg vore nytta til beite tidlegare jf. § 10. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

## Vedtak

"Meland kommune løyver 17 400 kr i tilskot til Oddvar Eikeland på Gnr. 42 bnr. 1. Løyvinga er eit eingongstilskot. Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 01.12.2020.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til ein rekke punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf. punkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søker før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Særskilde vilkår – beite:

Omsøkt areal bør nyttast til beite/slått i inntil 10 år etter at tiltaket er gjennomført. Kommunen minner om at det på gamal kulturmark ikkje bør oppgjødslast eller nyttast fullgjødsel. Dette er viktig for å ta vare på breidda av det stadeigne arts mangfaldet. Ved gjerding skal gjerdet ha ein 4 mm overstreg og bensel mellom kvar stolpe, det vert i tillegg sett krav om at det er understreng ved hald av småfe, og tilrådd ved hald av andre beitedyr, for å sikre god stabilitet og lengre levetid.

Regional kulturminneforvaltning:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarende mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søkjar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad før.

Kontroll:

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf § 9. Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synfare tiltak. Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

**Omgjering av vedtak:**

Kommunen kan omgjere vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf. § 10. Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga.”

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

**Med helsing**

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

SMIL søknad signert gbnr. 42-1..

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Oddvar Eikeland

Eikelandsvegen  
191

5917

ROSSLAND